

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 04.10.2017
SAKSHANDSAMAR: Vidar Vie
SAKA GJELD: **Budsjettoppfølging 2017**

ARKIVSAK: 2016/3999
STYRESAK: **074/2017**

STYREMØTE: **27.10.2017**

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Det er framleis grunn til uro for at driftsresultatet i 2017 vil gje svekka investeringsevne framover, og styret ber administrerande direktør halde fram arbeidet for å sikre eit best mogeleg økonomisk grunnlag.
2. I tråd med denne styresaka er det viktig at budsjettet for 2018 fokuserer på:
 - Reduksjon i døgnbehandling og kapasitet
 - Rammebudsjettering
 - Aktivitetsstyrt bemanning og rammestyrt bemanning
 - Vurdering av overlappingstid døgnpostar
 - Kjøp av utvida arbeidstid legar
 - Parkeringsavgift
 - Reduserte utgifter pasientreiser
 - Koordinering av tiltak i lokalsjukehusa


Oppsummering

Helse Førde kjem til å få eit resultat for 2017 som er vesentleg dårlegare enn budsjett, og som vil svekke framtidig investeringsevne. Det blir arbeidd målretta for å kompensere for budsjett-tiltak som ikkje får effekt. Utviklinga i årsverk og lønskostnader indikerer at prosessane har verknad. Arbeidet med budsjett 2018 er i godt gjenge, men også dette året vil bli krevjande økonomisk. Difor går også framdrifta noko seinare enn planlagt.

Fakta

Helse Førde sitt budsjett for 2017 var svært stramt. I budsjettokumentet vart det omtala at det var knytt risiko til fleire budsjettområde, og likeeins at det var knytt risiko til fleire av tiltaka i budsjettet. Eit negativt driftsresultat vil, mellom anna, føre til svekka investeringsevne. Organisasjonen har jobba medvite gjennom heile året for å sikre det økonomiske resultatet.


Helse Førde har budsjettert med eit overskot på 15 millionar i 2017. Etter ni månader er resultatet på minus 5,3 millionar kroner. Dei to somatiske klinikkane har negative avvik, medan dei andre delane av Helse Førde har gått betre enn budsjett. Avviket er i hovudsak knytt til lågare inntekter og høgare varekostnad. Føretaket sine samla økonomiske resultat har vore dårlegare enn budsjett i alle månader utanom september. Dei store negative avviket kom i juni og juli, medan det positive resultatet i september var ein positiv korleksjon på for store avsetningar. Dei andre månadene har resultatet lege på mellom null og to millionar kroner i negativt avvik i høve til budsjett, slik figuren viser.




Det er likevel framleis uvisse rundt forventa årsresultat. Med tre driftsmånader igjen synest det vanskeleg å nå eit justert mål om nullresultat på slutten av året. Samtidig verkar tidlegare prognosar på minus 25 millionar kroner å vere pessimistiske. Sjølv om fleire enkeltpostar etter sommaren har påverka resultatutviklinga, gjer likevel utviklinga for kostnader til pasienttransport, løn og interne gjestepasientar at resultatet kan bli ein stad mellom 10 og 15 millionar kroner i underskot. Fordi enkeltpostar kan gje høvesvis store utslag dei siste månadane, er det usikkerheit knytt til denne vurderinga.

Det største kostnadsområdet til Helse Førde er løn. Mange av tiltaka i budsjett 2017 retta seg mot lønsområdet. Sjølv om effekten av dei opphavlege budsjett-tiltaka ikkje har vore så stor som ønska, så har lønsområdet utvikla seg omlag i tråd med budsjett. Den frykta utviklinga frå juli har så langt ikkje kome, om vi ser området samla. Grafen viser at det var eit

mindreforbruk på lønsområdet dei tre første månedene, medan spesielt juni og juli hadde eit overforbruk. August og september har samla sett vore omlag på budsjett.



Utviklinga i tal brutto årsverk ligg også litt under fjoråret:




Arbeidet med tiltaka som låg i budsjettet

Budsjettet for 2017 inneheldt store tiltak som skulle redusere bemanning på døgnpostar og vaktordningar i medisinsk og kirurgisk klinikk. Arbeidet med dette involverer både store prosjekt og driftsline, og har gjeve gode læringspunkt for framtidig tiltaksarbeid. Så langt har arbeidet med dei store tiltaka vist at dette er tiltak som krev lengre prosessar før det reelle potensialet er klart.

Måloppnåinga for budsjett-tiltaka i Medisinsk klinikk ser slik ut etter ni månader:

Tiltak i Medisinsk klinikk




| | Effekt -17 (i tusen kr) | |
|---------------------|---|--------|
| 1 | Prosjekt Døgn | 7.000 |
| 2 | Legeplan | 4.000 |
| 3 | Auka aktivitet ISF | 4.734 |
| 4 | Reduksjon lønnskostnad tilsette / vikarar | 3.297 |
| 5 | Behandlingshjelpemiddel | 2.940 |
| 6 | Reduksjon innleie legevikarar | 1.835 |
| 7 | Auka laboratorie inntekter | 1.586 |
| 8 | Stopp prosjektbetaling kveldspoliklinikk | 1.060 |
| 9 | Reduksjon kostnad utstyr / reise | 900 |
| 10 | Reduksjon varekostnad | 847 |
| 11 | Reduksjon <u>konsulenttenester</u> | 500 |
| Sum effekt for 2017 | | 28 700 |

Klinikken vil oppnå 15,7 mill av forventa gevinst på 28,7 mill - 55 %.

I Kirurgisk klinikk er situasjonen slik etter ni måneder:

Tiltak Kirurgisk klinikk



| | Effekt -17 (i tusen kr) | |
|---------------------|---|--------|
| 1 | Prosjekt Døgn | 5.264 |
| 2 | Reduksjon kjøp dyre timar legar | 4.725 |
| 3 | Prosjekt AAM | 7.200 |
| 4 | Intensiv, Operasjon og Anestesi | 2.500 |
| 5 | Ambulanse | |
| 6 | Implementering innkjøpsavtalar | 1.000 |
| 7 | DRG | 800 |
| 8 | Skadepoliklinikk Eid – ta vekk beredskap natt | 780 |
| 9 | Seksjonsleiar LSH til 30% | 665 |
| 10 | Utsette 10 utdanningsstillingar | 1.864 |
| 11 | Telefonlinjer AMK | 120 |
| 12 | Endre oppstart turnuslegar | 50 |
| 13 | Poliklinikk | 250 |
| Sum effekt for 2017 | | 25.218 |

Klinikken vil oppnå 4,8 mill av forventa gevinst på 25 mill - 19 %.

Arbeidet med nye tiltak i løpet av året

Utover 2017 har dei somatiske klinikkane arbeidd med ei rekkje tiltak som kan kompensere for manglande effekt av tiltaka som låg i budsjettet. Dei nye tiltaka skal samla kunne gje i overkant av 35 millionar kroner i innsparingar på årsbasis. Verknaden for 2017 har dei to klinikkane stipulert til knappe fem millionar kroner til saman.

Det er svært mange tiltak i klinikkane. Listene under er ei forenkling og fortel i grove trekk kva tiltaka omfattar:

| KIRURGISK KLINIKK | Effekt 2017 | Effekt 2018 |
|---|--------------------|---------------------------|
| Dagkirurgisk senter Innsparing lønn | 382 443 | 396 092 |
| ØNH - Kjeveavdeling Effektivisering og auka inntekter | 168 000 | 1 372 754 |
| Avdeling for akuttmedisin Reduksjon bemanning og aktivitet | 130 000 | 6 450 095 |
| Kirurgisk avdeling Reduksjon bemanning | 216 667 | 1 650 000 |
| Kvinneklubben Innsparing løn og auka aktivitet | | 1 148 026 |
| Ortopedisk avd Auka aktivitet, redusert bemanning, betra koding | 1 126 979 | 8 315 750 |
| Kirurgisk servicesenter Innsparing lønn | | 179 000 179 000 |
| Augeavdeling Oppgåveglidning, innsparing varekost | | 195 000 |
| Totalsum | 2 024 089 | 19 706 717 |
| Ny ramme delt ut på seksjonsnivå. Nye rammer skal vere innarbeida i budsjett innan utgangen av veke 44 | | 28 370 237 |
| Samla innsparingskrav Kirurgisk klinikk i høve prognose | | 48 076 954 |

| MEDISINSK KLINIKK | Effekt 2017 | Effekt 2018 |
|--|--------------------|--------------------|
| Medisinsk serviceseksjon Reduksjon personalkostnad | 317 000 | 739 000 |
| Patologi Reduksjon varkostnad og auka inntekter | 180 000 | 280 000 |
| Lab. medisinsk biokjemi og blodbank Auka inntekter og refusjonar | 166 000 | 500 000 |
| Mikrobiologisk avdeling Inntening nye analyser | 29 000 | 482 000 |
| Radiologisk avdeling Avvikling vaktordningar, nukleærmedisin og reduksjon radiograf | 100 000 | 1 430 000 |
| Samhandling og tverrprofesjonelle tenester Reduksjon stillingar, auka inntekter og vidareføring av tiltak | - | 950 000 |
| Avdeling for nevrologi, revmatologi og rehabilitering Reduksjon kurs/reiser, pleieressurs og overtid - auka inntekter | 267 000 | 730 000 |
| Felles medisin Utsette prosjektstilling | - | 383 000 |
| Barneavdeling Reduksjon personal- og varekostnad, endra vaktordning | 256 000 | 1 973 000 |
| Hud avdeling Reduksjon legeressursar | 301 000 | 1 248 000 |
| Medisinsk avdeling Reduksjon lege- og pleiressurs, endra leiingsstruktur | 993 000 | 6 335 000 |
| Kreft avdeling Reduksjon lege- og pleieressurs | - | 950 000 |
| Totalsum tiltakspakke 1 | 2 609 000 | 16 000 000 |
| Ny ramme delt ut på seksjonsnivå, ekstra innsparing, tiltakspakke 2. Nye tiltak med ROS analysar skal vere levert klinikkdirktør innan 27.10.17 | | 20 675 000 |
| Samla innsparingskrav Medisinsk klinikk i høve prognose for 2017 | | 36 675 000 |

Som det går fram av vedlegga har dei to somatiske klinikkane frist til månadsskiftet oktober/november for å legge fram tiltak for ytterlegare 49 millionar kroner.

Generelle tiltak for å redusere kostnader

I tillegg til tiltaka frå klinikkane ønskjer føretaksleiinga å gjere endringar for å redusere kostnader i heile organisasjonen. Det vert difor føreslått å innføre strengare restriksjonar på reiser, kurs, konferansar, overtid og forskyvd arbeidstid. Målet er å redusere dette så langt som råd, utan at det går ut over drifta i føretaket. Eit konkret forslag om korleis det skal gjennomførast skal drøftast med dei tillitsvalte to dagar før styremøtet, og resultatet vert presentert i møtet.

Arbeidet med budsjett for 2018

Føretaket arbeider kontinuerleg for å sikre ei økonomisk forsvarleg drift og framtidig investeringsevne. Klinikkane jobbar som omtala med mange tiltak som vil vere ein del av budsjett for 2018. Som retning for vidare arbeid skal klinikkane ha fokus på følgjande punkt:

Reduksjon i døgnbehandling og kapasitet

- Føretaket har over tid hatt færre liggedøgn i samsvar med forventa og ønskt utvikling. Kapasiteten skal justerast i tråd med aktiviteten.

Rammebudsjettering

- Det skal rammebudsjettarast ned på minste einingsnivå i Helse Førde. Det skal ikkje liggje innsparingstiltak på fellesområde utan etter særskilt avtale med administrerande direktør.

Aktivitetsstyrt bemanning og rammestyrt bemanning

- Alle avdelingar skal legge til grunn aktivitetsstyrt bemanning i planlegging av turnus 2018, og planleggje turnus som er innanfor gitt økonomisk ramme for avdeling/seksjon/eining
- Som ein del av dette arbeidet skal det vurderast auka tilrettelegging for og bruk av kombinerte stillingar mellom poliklinikk og døgnpost. Målet skal vere å tilby 100 prosent stilling

Vurdering av overlappingstid døgnpostar

- Det gjennomførast kartlegging av tid til overlapp mellom skift ved alle avdelingar/seksjonar/einingar innan 15.11.17 og vurderast reduksjon av tid til overlapp som oppfølging av kartlegging

Kjøp av utvida arbeidstid legar

- Alle avdelingar skal følgje opp informasjon i sluttrapport frå prosjektet «Vaktordningar, godtgjersle og kjøp av arbeidstid for legar i Helse Førde»
- Det skal ikkje kjøpast utvida arbeidstid utover 10 timar utan godkjenning av administrerande direktør.

Parkeringsavgift

- Innføring av parkeringsavgift ved lokasjonane til Helse Førde skal utgreiast. Utgreiinga skal avklare investeringskostnad, driftskostnad og mogeleg inntekt. Representantar for brukarar og tilsette skal delta i utgreiingsarbeidet.

Reduserte utgifter pasientreiser

- Klinikane må sikre planlegging og oppfølging som reduserer drosjebruk og dermed utgiftene til pasientreiser.

Koordinering av tiltak i lokalsjukehusa

- Klinikkdirrektørane skal ha med stadlege leiarar i vurdering av tiltak som har følgjer for drifta ved lokalsjukehusa. Innsparingstiltak ved lokalsjukehusa må og vurderast på tvers av medisinsk og kirurgisk klinikk.

Sal av eigedomar

Styret har bede administrerande direktør om ein gjennomgang av eigedomsporføljen til Helse Førde. Ein første gjennomgang, som er lagt ved denne saka, viser at potensialet ved sal er relativt lite. Det grove og førebelse overslaget syner ein mogeleg salsverdi på 12-14 millionar kroner for ikkje driftskritiske eigedomar. Over halvparten av dette er knytt til Familiehuset i Førde, som Drift og eigedom får år å selje på grunn av inntekter, og to bedriftshytter der bruksretten til personalet er eit vesentleg moment i ei salsvurdering.

Det utarbeidde oversynet er ei god oppstilling over eigedomane til føretaket. I den vidare vurderinga av om det er rett å selje enkelte av dei, må ein mellom anna ta omsyn til ønsket om å redusere framtidige vedlikehaldskostnader.

Effekten for framtidige investeringar

Det økonomiske resultatet for Helse Førde i 2017 vil få følgjer for investeringsnivået i 2018. Prognosen for året, og mogelege overskridingar på eksisterande investeringar, indikerer at neste års investeringsbudsjett blir lægre enn det som låg i femårig investeringsplan. Det må leggest vekt på å sikre investeringar til nødvendig utstyr og vedlikehald. Både finansieringsplan og investeringsnivå blir vurdert nøye fram mot framlegging av neste års investeringsbudsjett i desember.

Framdrifta på Nye Førde sjukehus er særskilt viktig. Lån til oppgradering og modernisering av sjukehuset blei vedtatt med ei øvre ramme på 1 125 mill. 2017-kroner gjennom Stortinget si behandling av Prop. 1 S (2016–2017). Lånet vert utbetalt i perioden 2017–2025. Det er i 2017 løyvd 18 mill. kroner til prosjektet. I budsjettframlegget frå regjeringa er det føreslått løyvd 150 mill. kroner i lån til prosjektet i 2018.

Kommentarar

Den økonomiske situasjonen til Helse Førde er vanskeleg. Føretaket går mot eit underskot, og dette vil svekke investeringsevna. Store og viktige tiltak i årets budsjett har ikkje ønska effekt, i alle fall ikkje så raskt som planlagt. Det er å vente at også 2018 blir krevjande.

Samtidig blir det arbeidd godt på mange plan med å snu kursen. Grundig arbeid med tiltaka gjer at arbeidet kan fokusere på dei områda som gir gevinstar i eit målretta arbeid. Kostnadene til løn både hittil i år, og i september, er tett på budsjett. Særskilt det siste er positivt. Mange av tiltaka i år var knytt til innsparingar på lønsområdet siste halvår. Om ikkje dei opphavelige tiltaka har slått inn, så indikerer dette at viktige justeringar er gjort.

Framover må det arbeidast etter fleire aksar. Det er heilt nødvendig å halde fram med økonomisk varsemd i kvardagen. I ein stor organisasjon som Helse Førde vil dette over tid vere eit viktig bidrag for den økonomiske situasjonen. Samstundes må det arbeidast med langsiktig tenesteutvikling. Dette er prosessar det vil kunne ta år å gjennomføre, og der dei økonomiske gevinstane ligg langt fram i tid.

Store og viktige utviklingsarbeid er i gang i føretaket. Den største investeringa framover er Nye Førde sjukehus. Det blir utfordrande å sikre nødvendige investeringar framover. Korleis dette kan løysast for 2018 må klarleggast fram til desembermøtet i styret der både budsjett og investeringsbudsjett skal leggst fram.

Konklusjon

I Helse Førde vert det arbeidd godt med å rette opp den økonomiske situasjonen. Årets resultat blir likevel vesentleg dårlegare enn forventa, og det vil verke inn på neste års investeringsbudsjett. I tillegg til å få effekt av eksisterande tiltak, er det no vesentleg å lage eit budsjett for 2018 med godt gjennomarbeidde tiltak og som sikrar investeringsevna.

Vedlegg:
Oversikt over bygningsmasse tilhøyrande Helse Førde